

Notat

Dato: 03.12.2019
Saksnr: 2019/153-1
Saksbehandlar: Tor Ivar Sandvik

Til: Fylkestinget

Frå: Prosjektlear

HO-tilbod i Sunnhordland og TO-tilbod på Bømlo vidaregåande skule

Prosjektlear viser til innstilling i sak PS 7/19 Fagtilbod, rom og funksjonsprogram Stord vidaregåande skule, avdeling Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule, handsama i hovudutval for opplæring og kompetanse, 28.11.19.

Innstilling, pkt. 2, frå hovudutvalet til fylkesutvalet var:

«Fram mot handsaming i Fylkesutvalet og Fylkestinget må administrasjonen leggje fram eit notat som gjer greie for elevtal ved HO-tilboda i Region Sunnhordland skuleåret 2019/2020, dimensjonering for HO i gjeldande skulebruksplan for Region Sunnhordland, søkjartala til HO i Sunnhordland dei siste tre skuleåra, framtidig trong for arbeidskraft innan HO og kapasitet ved dei skulane i regionen som tilbyr HO i dag til ei eventuell auke av elevplassar på HO. Administrasjonen må utgreie konsekvensen av å behalde TO-tilbodet på Bømlo vidaregåande skule som i dag.»

På grunn av for kort tid mellom handsaming i hovudutvalet og møte i fylkesutvalet 3.12.19, går dette notatet direkte til fylkestinget. Region Sunnhordland vert i dette notatet definert på lik line som i skulebruksplanen, og inkluderer skulane Bømlo vgs, Rubbestadnes vgs, Fitjar vgs og Stord vgs. Skulebruksplanen definerer Sunnhordland som kommunane Tysnes, Fitjar, Bømlo og Stord.

- **Elevtal ved HO-tilboda i region Sunnhordland skuleåret 2019/20**

Skule	Utd.prog.	Programområde	Vg1	Vg2
Bømlo vgs	HO	Vg1	29	
		Barne- og ungdomsarbeidarfag		13
		Helsearbeidarfag		11
Sum Bømlo				53
Fitjar vgs		Vg1	58	
		Barne- og ungdomsarbeidarfag		31
		Helsearbeidarfag		24
Sum Fitjar				113
Sum HO i regionen				166

- **Dimensjonering for HO i gjeldande skulebruksplan for Region Sunnhordland**

Tabellen viser dimensjonering av HO i regionen, jf. gjeldande skulebruksplan. Tilboda i skulebruksplanen (SBP) er dimensjonert på utdanningsprogramnivå, og ikkje detaljert på vg1 og vg2.

Tala for Bømlo vgs tek ikkje høgde for tilrådd reduksjon på 30 elevplassar, jf. PS 7/19 «Fagtilbod, rom og funksjonsprogram Stord vgs, avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule» i hovudutval for opplæring og kompetanse, 28.11.19.

Skule	Elevplassar HO i SBP
Bømlo vgs	90
Fitjar vgs	120
Stord vgs	0
Rubbestadnes vgs	0

- **Søkjartal til HO i Sunnhordland dei siste tre skuleåra**

Skuleår	Skule	Vg1	vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag	vg2 helsearbeidarfag
2019/20	Fitjar	65	34	26
	Bømlo	30	12	12
2018/19	Fitjar	68	23	26
	Bømlo	41	7	21
2017/18	Fitjar	57	34	27
	Bømlo	26	17	11

Tabellen over viser søkjartal til høvesvis vg1 HO, vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og vg2 helsearbeidarfag ved Fitjar vgs og Bømlo vgs.

Tala for 2019/20 er etter første inntakssomgang, medan dei to andre skuleåra er etter tredje inntakssomgang.

- **Framtidig trong for arbeidskraft innan HO**

Helse Fonna har i dag rundt 600 medarbeidarar knytt til Stord sjukehus, Stord DPS (distriktpsikiatriske senter) og BUP (poliklinisk tilbod innan psykisk helsevern for barn og ungdom). Kompetanseforum Sunnhordland viser til ei utvikling med forventa vekst i folketal. Fleire eldre vil føre til eit auka behov for fleire årsverk i helsevesenet framover. Bemanningsbehovet vil i noko grad kunna reduserast gjennom nye arbeidsformer, nye elektroniske verktøy og ny teknologi, men behovet for rekruttering vil bli stort i åra framover.

Kompetanseforumet viser vidare til utfordringar kommunesektoren står overfor i åra som kjem m.a. gjennom endringa i befolkningsamansetnaden vil føre til auka behov for kommunale tenester. Dette kjem særleg innan helse- og omsorgssektoren.

I kommunesektoren vert det stadig høgare krav til dei tilsette sin kompetanse. Andelen stillingar med krav om universitets- og høgskuleutdanning aukar stadig, medan andelen ufaglærte er synkande. Desse endringane er størst innan barnehage og helse, pleie og omsorg. Rekrutteringsutfordringane varierer frå kommune til kommune og region til region, men det er gjennomgåande mest krevjande å rekruttera og behalde fag-, universitets- og høgskuleutdanna innan helse- og omsorgssektoren.

Kompetanseforumet viser til KS' prognosemodell, som bereknar rekrutteringsbehovet fram til 2028. Berre for Stord kommune viser modellen at det er eit behov på omlag 155 nye årsverk med sjukepleiarar og helsefagarbeidarar med fleire i sektoren. Denne trenden ser ein også for resten av landet. Andre stillingskategoriar har ein nedgang, svakare eller ingen vekst fram mot 2028.

- **Kapasitet ved dei skulane i regionen som tilbyr HO i dag til ei eventuell auke av elevplassar på HO**

Fitjar vidaregåande skule er dimensjonert med 120 elevplassar på HO gjennom skulebruksplanen. Med eit revidert fagtilbod, vil Bømlo vgs vere dimensjonert for 60 elevplassar på HO frå 2022/23. Tilbod utover dette vil krevje utbygging.

Jf. sak «Fagtilbod, rom og funksjonsprogram Stord vgs, avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule», vil Stord etter prosjektleiar si tilråding vere dimensjonert med 75 elevplassar på HO frå 2024/25 når nybygget på Vabakkjen er ferdig.

Kapasiteten ved skulane i regionen vil i 2024/25 då vere som vist i tabellen under.

Skule	Elevplassar 2024/25
Fitjar vgs	120
Bømlo vgs	60
Stord vgs	75

- **Konsekvensen av å behalde TO-tilbodet på Bømlo vgs som i dag**

Hordaland fylkeskommune har organisert spesialundervisning i tre typar tilrettelagde grupper:

Lita gruppe HTH (kvardagslivstrening – elevar med sterkt nedsett funksjonsevne)

Opplæringa er tilrettelagd for elevar med store hjelpebehov og med rett til omfattande spesialundervisning, med avvik frå den ordinære læreplanen i alle fag, som ikkje klarar å få karakterar. Målet er at elevane skal få betre kompetanse til å meistre ein framtidig tilrettelagt arbeids-, bu- og fritidssituasjon. Opplæringa skal mellom anna kvalifisere for eit meir sjølvstendig liv. Målgruppa er elevar som har behov for eit varig tilrettelagt omsorgstilbod.

Lita gruppe HTA (arbeidslivstrening – elevar med sterkt nedsett funksjonsevne)

For nokre elevar vil det vere aktuelt å få opplæring med mål om kompetanse for å kunne meistre tilrettelagt arbeid på ein ordinær arbeidsplass eller i ei vekstbedrift. Fylkeskommunen gjer avtalar med vekstbedriftene om utprøving. Elevane har avvik frå den ordinære læreplanen i alle fag og får ikkje karakterar.

Eiga gruppe (HT – elevar som manglar karakter i meir enn halvparten av faga)

Desse gruppene er tenkt til elevar som har rett til spesialundervisning og som i utgangspunktet har mål om eit lærekandidatløp. Læring gjennom praksis er ein sentral metode i slike grupper, og det blir lagt stor vekt

på sosial læring og anna trening for framtidig arbeid. Elevane kan også få praksis i arbeidslivet. For nokre elevar kan det vere aktuelt å ha heile opplæringsløpet i gruppa, for andre kan det vere aktuelt å gå over til ordinære grupper på Vg1 eller Vg2. Elevar i eiga gruppe som kan få grunnlag for vurdering med karakter i nokre fag, kan også få høve til det.

Det er viktig at elevar i alle tilbod opplever eit godt og inkluderande fellesskap og opplæringsløp. Tilsette med god kompetanse er avgjerande for å gi elevane ei kvalitativt god opplæring i tråd med elevane sine individuelle behov. Å samle HTA- og HTH-tilbodet på ein skule i regionen vil styrke den samla kompetansen i personalet til å gi ei god opplæring for ei målgruppe som kan vere særskild differensiert. Eit større fagfellesskap vil også legge til rette for å vidareutvikle kompetansen som trengs for å gi elevane ei god fagleg og sosial utvikling. Elevane sine behov kan variere mellom år, og eit sterkt og komplimentarande fagfellesskap vil ta i vare dei behov og utfordringar som vil vere til stades i HTA- og HTH-klassar.

HTA- og HTH-tilboda krev ekstra og tilpassa areal avhengig av elevane sine føresetnader. Ved å samle dette tilbodet vil det gi gode og funksjonelle areal med fleksibel utnytting, som kan tilpassast etter kva som er elevane sine behov.

Ved dimensjonering og utnytting av areala på Bømlo vidaregåande skule, slik det går fram i rom- og funksjonsprogrammet, vil skulen vere full frå 2022, og det er ingen ledig kapasitet i bygget til for tilrettelegging for HTA og HTH. Eitt eller begge av desse tilboda vil då krevje utvida areal.

Om Bømlo vgs skal ha tilbod på HTA og HTH vil konsekvensane altså vere at det må byggast eit tilbygg, då det ikkje er rom for tilboda i eksisterande bygg.

Bømlo vidaregåande skule skal også frå 2022 framleis kunne gi tilbod til elevar som i dagens organisering ville fått tilbod om å gå i HT-klassar, men det er ikkje programmert inn ekstra areal for dette på skulen. Som ein del av fylkessamanslåinga, blir det arbeidd med nye modellar for organisering og gjennomføring av dagens HT-tilbod. Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt ulike ordningar for elevgruppa, og det fordrar at ein ser på korleis dette tilbodet blir organisert framover i Vestland fylkeskommune. Fram til nye Bømlo vgs er klar i 2022, vil dette arbeidet vere utgreidd og ny modell for dagens HT-tilbod vere på plass, som sikrar eit inkluderande og pedagogisk tilpassa tilbod for elevgruppa.